

Sagnet om kong Augvald og kong Ferking

Av Marit Synnøve Vea

Kong Augvald

Avaldsnes har fått navn etter kong Augvald som skal ha levd en gang på 600-tallet. Det norrøne navnet for Augvald var Ogvaldr. Sisteledet –valdr betyr ”en som hersker”. Førsteledet i navnet hans kan komme av det vestnordiske agi som betyr uro, redsel. Ogvaldr kan da tolkes som ”herskeren som holder folk i age.” Førsteledet kan også komme av det gammelnorske ogn som betyr farlig/skremmende, ofte i forbindelse med vann slik som i Ognøy og i elvenavnet Ogn.

Like sannsynlig er det at også Ogvaldr er knyttet opp mot et geografisk område, og at førsteledet kommer av ogð (indoeur. *ak). Opprinnelig betydde ogð skarp/utstikkende, men etter hvert kom ordet til å karakterisere landet langs kysten. (Jfr. flertallsformen Agder som i følge P.A. Munch kom til å bety ”kyststrekninger” og Agdenes i Trondheim som har betydningen ”neset som stikker ut i havet”. Etter denne tolkningen kan Og(ð)valdr være det samme som ”Kystherskeren”.

Vi hører om Ogvaldr eller Augvald i *Flateyjarbok*, *Landnámabok* og i *Sagaen om Halv og halvsrekkene*. Snorre skriver om Augvald i *Olav Tryggvasons saga*, og vi finner ham omtalt i håndskrifter etter Odd Munk. Det står også om Augvald i Avaldsnes kallsbok. I tillegg er der et gammalt karmøysagn om kong Augvald og kong Ferking

Augvald ættet fra urjotnen Fornjot som de vestlandske kongeætter regnet som sin stamfar. Hvis vi bruker P. A Munch som kilde, kan Augvalds ættetavle se slik ut.

HORDALAND/ROGALAND

Augvald

Fornjot

Kåre

Frost

Snø

Thorre

Nor

Gard Agde

Rugalf

Rognvald

Augvald

Jøsur

Hjør

Hjørleiv den kvinnekjære- gift med Hild

Ublaud Halv

Utrygg Hjør

Høgne (Flein)

Ulf (Hjør Fleinson)

Geirmund Heljarskinn

I Olav Tryggvason saga hører vi at selveste Odin forteller Olav Tryggvason historien om kong Augvald. Snorre kaller Augvalds banemann for Varin. I *Sagaen om "Halv og Halvsrekkene"* får Hækling æren for å ha tatt Augvald av dage.

På Karmøy knyttes historien om Augvald sammen med det eldgamle sagnet om Kong Ferking på Ferkingstad.

Kong Ferking

Navnet Ferking/Farking er sannsynligvis avledet av tilnavnet eller tittelen «Farthegn» som betyr "farende herre" eller "farende kjøpmann". I en versjon av sagnet kalles kongen for «Kverking». Jeg velger her å bruke navnet «Ferking» som folk flest er fortrolige med i dag.



På Ferkingstad finnes båtopptrekk, båtstø og båtnaust som gav rom for inntil 30m lange båter.

Veggene er bygd av store steinblokker som er lagt oppå hverandre til en fin mur med loddrette sider.

Det er også spor av et tredje båtnaust under de andre.

Foto. Karmøy kommune

Landet har hevet seg siden naustanlegget var i bruk, og i dag ligger naustene ca 1,5 – 2 meter over havflata. Tjernet heter Hop, som betyr smal (innestengt) vik.

Dateringer tyder på at båtnausta ble brukt fra og med yngre romertid til inn i merovingertid, kanskje lenger. Nausta ligger i ei lun havn, trygt bak steinknauser som verner mot storhavet. Herfra kunne man sende ut skip og huke skattesnytere som på godværsdager seilte på utsida av Karmøy for å lure seg unna skattleggingen i Karmsundet.

På Ferkingstad var det også fram til århundreskiftet arkeologiske spor av store bygningsrester kalt "Kongsborgen". Bygningsrestene ble datert til folkevandringstid. Biskop Neumann skrev i 1837 at disse bygningsrestene overgår alt annet "hvad Tiden har levnet os af Hedenolds Kraft og herlighed".

Sagnet forteller at kongsborgen ble svidd av på 600-tallet. Senere reiste sønnen Fartegn gård på stedet og fikk navnet sitt knyttet til det. Sagnet opererer dermed med to personer: Ferking og Fartegn, far og sønn. Vi må tro at dette egentlig er samme navn.

Navnet på "Kongsborgens" byggherre og Augvalds motstander ble i tidens løp priggitt glemselen. Kanskje var dette navnet opprinnelig Varin eller Hekling slik vi hører om i de historiske kildene? Her vil jeg likevel følge sagnet og kalle Augvalds banemann for Ferking.

Segna om kong Augvald og kong Ferking

Kong Augvald var son til Rognvald, son til Rugalf, son til Gard Agde som igjen var son til Nor som kom frå Gotland. Kong Augvald hadde frå fyrst av hovudsetet sitt på Roga i Jøsursheid mellom Rogaland og Telemark. Han var då berre konge over eit område som strakte seg frå Jøsurfjord i Hjelmeland til Brunkeberg og Fyresdal. Gjennom vellukka sjøslag klarte han å leggja under seg holmrygene sitt land,

fordreiv dei tidlegare herskarane her, og slo seg ned på den best egna staden på øya Kormt. Denne staden - Augvaldsnes- har sidan hatt namn etter kong Augvald.


Ein gong Augvald var på jakt med hirda si, fødte dronninga hans ein son som blei kalla Jøsur. Denne Jøsur blei fostra opp hjå Gunnvald Stordajarl.

Kong Augvald var ein stridhuga kar som jamt for i viking til framande land og vann seg rikdom og ære. Han hadde ei heilag ku som han blota til. Denne kua tok Augvald med seg kvar han enn fór. Nokon seier kua heitte Audhumla og hadde ein gullklave rundt halsen.

Augvald meinte at kua gav han siger, og mjølka hennar gav livskraft og styrke. Kong Augvald hadde fleire døtre. To av desse døtrene var skjoldmøyar som kjempa saman med far sin i alle slag.

Ferking heitte ein sjøkonge som budde på vestsida av Karmøy. Nokon seier at Ferking ikkje var det opphavlege namnet hans, men eit tilnamn sjøkongen fekk fordi han så ofte drog i viking. Ferking hadde store hus bygd av stein. Desse blei seinare kalla Kongsborga. I nærleiken av kongsgarden skal det ha vore ein sværande stor hall eller eit hov som var så stor at 500 mann kunne dansa der inne til ære for gullkalven - guddommen hans Ferking.

Kong Ferking bygde store båtnaust, men det største av nausta nede på Hop, blei bygd av son hans. Ferking hadde mykje folk og trong mykje korn, derfor passa han opp skuter som kom frå Jæren med korn og tok kornet frå dei. Ferking var ein djerv og modig kar som alltid gjekk sigrande ut av strid. Han for mykje i viking og brakte herfang med seg heim. Vakrast av alle skattane var dronningperlene som dronninga bar på festane i gildesalane. Desse perlene hadde Ferking hatt med seg frå utlandet.



Da J. Neumann besøkte Ferkingstad, ble det tegnet en grunnskisse av tuftene på Hedlabakkane". Etter grunnskissen ble dette forslaget til rekonstruksjon laget. Samlet areal for bosted 3.300kvm. 1. Gildesaler ca. 60m lange, 2. stabbur, 3. badstu, 4. fjøs/love, 5 ildhus, 6 frustove, 7. jomfrubur, 8. jomfrubur, 9. talestove.

Før Kong Augvald og kong Ferking blei fiender, var Augvald i blotingsgilde på Ferkingstad. Det var midtvintersblot og Augvald hadde ein del folk og to døtrer med seg. Brått kom det til uvenskap mellom dei to kongane. Augvald braut opp og reiste heim med huskarane sine, men døtrene blei igjen som fangar på Farkingstad. Sidan låg dei to kongane støtt i ufred med kvarandre.

Segna seier ingenting om Ferking hadde råderett over heile Karmøy før Augvald kom. Vi veit heller ikkje om blotingsgildet skjedde før eller etter at Augvald tok Augvaldsnes. Derimot seier segna at Ferking ikkje kunne tola at Augvald hadde kome og sett seg til å Karmøy. Ferking drog derfor avstad med hæren sin og kom så langt nord som til Skeie. Der blei han møtt av kong Augvald og hæren hans. Det fall mykje folk på begge sider, men ingen kunne reknast som sigerherre.

Siste og største slaget mellom dei to kongane stod på det som nå blir kalla Stavaslettene. På den eldgamle vegen som gjekk langs med stranda var det to skard eit stykke frå kvarandre. Ferking og folka hans meinte at mellom skarda - i skåre - måtte vera den beste staden å ta Augvald. Ved vegen var det også sandstrand og kvikksand. Ferking og folka hans låg her og venta til Augvald kom.

Augvald hadde som vanleg med seg den heilage kua si. Han hadde også med seg dei to døtrene som var skjoldmøyar. Både Augvald og den heilage kua hans fall her i skåret på Stavaslettene. Då skjoldmøyane såg dette, sette dei i ville skrik, hoppa i ei elv og drukna. Sidan blei skjoldmøyane gravlagde på Stavasletta og steinar blei reiste over gravene deira. Ennå i dag blir desse steinane kalla "Skjoldmøyane" (*Skjelmeiane*)



Ei av skjoldmøyane på Stavasletta. Foto Marit. S Vea

Alle dei historiske kjeldene fortel at både kong Augvald og kua hans er gravlagde på Augvaldsnes. I Odd Munk sitt handskrift frå 1190-talet, heiter det mellom anna at Olav Tryggvason grov i gravhaugane der Augvald og kua hans var gravlagde. I den eine gravhaugen fann Olav Tryggvason mannebein, i den andre fann han kubein.

I motsetnad til dei historiske kjeldene, så fortel segna at Augvald og kua hans blei gravlagde på Ferkingstad. Augvald skal liggja på sørsida av den gamle kyrkjegarden frå 1100-tallet. Den store bautaen som nå står innaføre kyrkjegarden, stod tidligare utafør kyrkjegarden og var reist som minne over Augvald. Kua hans blei gravlagt eit steinkast derifrå i ein haug kalla "Kontekoiene".

Vi veit ikkje korleis kong Ferking mista livet. Men segna fortel at Ferking grov ned gullkalven sin for at ingen skulle finna han. Nokre antydningar finst likevel: "Gullkalven skal liggja i ein spiss vinkel mellom Skjoldmøyane, Stavaklubben og Fløskjer." Det skal ha vore eit gammal riss av staden der gullkalven ligg, men dette risset strauk med under brannen på prestegarden i Falnes i 1842. Dette var nå alikevel ikkje til å tyda for vanlege folk, seiast det.

Segna fortel vidare at frå staden der Ferking er gravlagd, kan ein sjå Fløskjer nordanom Ur. Nokon nærare fastsetting av gravstaden gir ikkje segna, men folk har tenkt seg at Ferking ligg gravlagd i den store gravrøysa på Kvilhaug. Herifrå hadde sjøkongen fritt utsyn over sjøen så langt auga rakk, han kunne sjå heim til garden sin og han kunne sjå skjæret nordanom Ur som segna fortel om.



1. Naustanlegg m. naust, båtopptrekk, båtstø. **2.** Område for "Kongsborgen" **3.** Middelalderkirkegård